



Herleif Dalland
Dyrhovden 27 A
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/105 - 18/5836

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.02.2018

Førebels svar på søknad om frådeling med krav om tilleggsdokumentasjon - gbnr 233/1 Eide indre

Tiltak: frådeling av naustparsell
Byggjestad: Gbnr: 233/1 Eide indre
Tiltakshavar:
Ansvarleg søker: Herleif Dalland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.01.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld følgjande:

Planstatus

Nausttomta som er planlagt frådelt ligg i område der kommuneplanen sin arealdel gjeld. Eigedomen er i planen avsett til LNF-føremål (landbruk, natur og friluftsliv). I desse områda er det berre opna for at det kan etablerast tiltak som er nødvendige for landbruk og gardsbasert næringsverksemد basert på garden sitt ressursgrunnlag, jf kap 5 i føresegnene til kommuneplanen.

Frådeling av nausttomt er ikkje i samsvar med plangrunnlaget og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon før søknaden om frådeling kan handsamast.

Byggjeforbodet i strandsona

I samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 er det eit generelt byggjeforbod i 100-metersbeltet langs sjø dersom anna byggjegrønse ikkje er fastsatt i plan. For omsøkte frådeling er det pbl § 1-8 som gjeld og tiltaket vil såleis også krevja at det vert gitt dispensasjon for dette forhold.

Dispensasjon

Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngitt søknad. Vi har lagt ved rettleiar for dispensasjonssaker til orientering. I denne finn du informasjon om korleis søkja dispensasjon og du finn også eit skjema som kan nyttast ved innsending av søknad.

Nabovarsel



Då søknaden er send inn til kommune før nabofristen til å koma med merknader er ute, ber vi om at det vert gjort greie for om det ligg føre merknadar frå naboar.

Vegrett og parkering

Det må dokumenterast at tomta har vegrett og rett til parkering.

Vi gjer merksam på at søknader om dispensasjon er gebyrlagt med kr. 9 650,- per dispensasjon.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.04.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkinger i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjonsrettleiar

Kopi til:

Herleif Dalland

Dyrhovden 27 A 5993

OSTERREIDET

Mottakarar:

Herleif Dalland

Dyrhovden 27 A 5993

OSTERFIDFT